



Voss herad

Prosjekt i POU Voss herad

26.01.2026

Elisabeth Lillegraven
Leiar Prosjekt & utvikling (POU)

Styrkaar Ringheim-Hustveit
Prosjektleiar POU

Gjennomførte prosjekt



Pågåande prosjekt i POU / BOE

FASE 1 + 2 (POU)

- Gamlekinoen
- Tinghuset
- Moglegheitsstudie offentlege hus
- Omsorgsbustadar
- Skule / barnehage ?

FASE 3 (BOE)

- Barnehage Granvin
- Domstolsadministrasjon
- Kartlegging kommunal eigedom
- Bustadstrategi

Utfordringsbiletet


Fleire eldre



Klima



Eit utval vossatal



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Vanskeleg å
Rekruttere



Kommuneøkonomi



Voss iPluss2027

• Kvifor?


- Me manglar folk til å utøva tenestene – må bruka dei me har rett
- Me brukar meir pengar enn me har tilgjengeleg
- Dersom me fortset som i dag tek det 1-2 år før sparekonto er tom
- Me vil skapa handlingsrom for nye tenester til innbyggjarane
- Unngå at me må gjera meir inngripande kutt og unngå at me må «springa fortare»

• Korleis?

- Prosjekt i alle tenesteområde for å:
 - For å ha eit nivå på tenestene som er berekraftig, så må me kan bruka ressursane me har betre
 - Redusera utgifter og auka inntekter
 - Gjera endringar innan effektivisering, struktur og kvalitet

• Kva?

- Redusera årlege utgifter slik at me når 1,75 % i driftsresultat innan utgangen av 2027
- Setta av midlar til investering
- Tenestene våre skal vera på rett nivå, ut i frå tilgjengelege ressursar og kvalitet



Innsatstrappa

Fremtidens kommuner har ikke råd til å løse omsorgsbehovet på trinn 9-12

Fremover må omsorgsbehovet løses mer på trinn 1-8, gjennom byutvikling

Private aktører må bygge aldersvennlige og aktiviserende steder

+ OFFENTLIGE HUS

Sosialt aktive
naboskap og nabolag



Tverrfaglig innsats,
forebyggende tiltak,
tilrettelegging av bolig,
velferdsteknologi mv.


Samfunnsnytt = Forebyggende, tjenesteavlastning, tjenesteeffektivisering, sosial omsorg fra nabolag.



Å sjå samanhengar

Brei verdiskaping utfordrar oss til å sjå samanhengar og undersøke kva som styrker og svekker dei ulike formene for verdiskaping. Det krev dialog for å identifisere koplingar, konflikter og mogelege løysingar. For å lukkast, er det viktig å ha kjennskap til lokal kultur, lokale økosystem og menneska som bur på staden. Samstundes bør ein støtte seg på vitenskapleg kunnskap og fagkompetanse for å ta velinformerte avgjerder.

(Distriktssenteret, 2018, s. 37)



Frå Leva sitt kunnskapsgrunnlag til ny senterstruktur.

Sosial verdiskaping - limet som bind alt saman

Vi menneske søker fellesskap. Vi kjenner oss heime i gata vår, på skulen, i bygda og i regionen vi bur i. Når innbyggjarane får vere med og forme utviklinga, veks det fram tillit - mellom naboar, og mellom innbyggjarane og aktørar som kommunen.

Slik blir grunnlaget lagt for ei sterkare kjensle av fellesskap og eit «vi» som alle kan kjenne seg som ein del av. Dette er eitt av kjenneteikna på velfungerande lokalsamfunn. Når utfordringane kjem, er det nettopp denne fellesskapskjensla som gjer oss meir robuste. Kjensla av å høyre til kan også føre til at ein blir buande lenger (Distriktssenteret, 2017).

Voss er eit godt døme på korleis sosial verdiskaping kan fungere i praksis. Her ser ein mange konkrete eksempel på fellesskap som veks fram gjennom både arrangement, aktivitetar og fysiske bygde omgjevnader. Frå idrettslag og kulturtilbod til festivalar, dugnader og lokale møteplassar. Mykje av dette er bygd opp gjennom frivillig engasjement og lokalt initiativ. Denne kulturen for dugnadsånd styrkar både tilliten mellom innbyggjarane og kjensla av tilhøyrighet.

Sosial verdiskaping på Voss handlar altså ikkje berre om dugnaden i seg sjølv, men om korleis innbyggjarane saman skapar og tar vare på noko sjølv. Dette gjer lokalsamfunna meir robuste og motstandsdyktige når utfordringar oppstår, samtidig som det fremjar engasjement og livskvalitet.

Frå Leva sitt kunnskapsgrunnlag til ny senterstruktur.

Voss er gode på dugnad!

Her skaper dei ny møteplass



Oddvar (21) er oppvaksen med dugnadsarbeid. - Dette er min andre heim

Oddvar (21) var borna i 1994. Han har gått på Voss vidareutdannings- og høgre skule. Han har fått jobba i kommunen. Dugnadsarbeid er ein del av livet hans.

Turneringsleiar Finbråten: - Eg vert heilt sett ut av korleis folk stiller opp



Utklipp er henta frå Avisa Hordaland

Små og store i godt samarbeid for å gjera klart til sesongstart: - Fantastisk samhold



Her er A-laget i dugnadsarbeid samla for å bli sett pris på: - Det er så meiningstytte!



Skulpturen er ei del av Voss. Den er laga av kunstneren Per Olav Skjerve. Den er ein del av Voss kunst- og kulturprosjektet. Den er ein del av Voss kunst- og kulturprosjektet.



Eit lite stykke Evanger - bygd i fellesskap

Evanger er ein del av Voss. Den er laga av kunstneren Per Olav Skjerve. Den er ein del av Voss kunst- og kulturprosjektet. Den er ein del av Voss kunst- og kulturprosjektet.

Dugnadsånd som byggjer fellesskap



Ordføraren rørt av dugnadsinnsatsen: - Her må vossabygda vera heilt spesiell



Skulen og rusen samarbeider for å motverka ekskludering i russetida



2026

FELLESSKAP

ENTUSIASME

BEREDSKAP

BEREKRAFT
BARN & UNGE

LYST & GLEDE

GRÅ AREAL

**OFFENTLEGE HUS
TENESTER**

OMSORGSBUSTADER



SKULE ?

Det bygde miljø som

VERKTØY


Tilgjengelegheit
Felleskap
Folkehelse
Areal bruk
Deltaking
Sosial inkludering
Demokrati-møteplassar
Næringsliv
Klima
Trivsel
Attraktivitet
Estetikk
Synergi
Transport-mobilitet

Tinghus 2.0

- opne og forbedre




Allmenningar, mellomrom og spontane møter. Side 4.




Av Mona Steinsland



Gamlekinoen



Lokalisering av tenester



MÅL:

- Legge til rette for **framtidig tenesteproduksjon**. «Rett bygg på rett plass».
- Få på plass **fleksible tenestebygg** for ei ukjent framtid, med mindre resursar.
- Bygge **felleskap** i tenestene (fagkompetanse) og hjå brukarane (synergjar mellom grupper).
- Tenke **heilskap**; samarbeid, samlokalisering, fagmiljø, stillingar og brukarar.

MOGLEGHEITSSSTUDIE

OFFENTLEGE HUS PÅ VOSS

- Generatorar for framtida
Tinghus, Aktivitetshus mm.



Heilskapleg utvikling og lokalisering av kommunale tenester, funksjonar og samfunnsbyggjande arenaar på Voss.

Sambruk Felleskap

HELSE OG OMSORG

Friskliv

Dagavdeling for:

- menneske med utviklingshemming
- eldre med behov for aktivitets- / dagtilbod
- demens
- psykiske vanskar
- rus

KULTUR & FRITID

Kulturskule for elder (alle)

Ungdomsklubb

Utekontakt

Frivillighetssentralen

OPPVEKST


Alternativ læringsarena

Vaksenopplæring

Sentrumsbarnehage

Utredningsleiligheter

Tilpassa ungdomsklubb



Medverkнад

- Februar – april 2026
- For å finne gode løysingar treng me eit godt kunnskapsgrunnlag. Viktig å sette av tid og prioritere dette arbeidet om ein skal finne gode løysingar.
- Arbeidsgruppe
- Brukargruppe
- Styringsgruppe



REGIONSSENTER:

- ❖ Alle tenester (?)

GRENDESENTER:

- ❖ Skule
- ❖ Barnehage
- ❖ Omsorgstilbod (?)
- ❖ + (?)

Sjå på relasjon mellom senter-funksjonar og grendefunksjonar.

- vekselverknad
- fleksibilitet



Omsorgsbustadar



Prosjekt Vossogarden, Helen&Hard



Mulighetsstudie Tvildemoen, MAD arkitekter

SKULAR OG BARNEHAGAR

Ny sentrumsskule ?

Vangen skule ?

Skisse 2

Planillustrasjonen syner eit konsept der barneskulen er eit frittstående bygg, utan fysisk kopling til eksisterande idrettshall.

Plasseringa av skulen lenger sør på tomta gjev ein høgare sokkeletasje langs sør- og vestfasaden, ut mot Vangsvatnet og Prestegardsmoen. Skuletomta vert meir oppdelt og flyt i større grad ut i omkringliggjande areal.

Frikopling av skulebygget gjev større fridom og reduserer kompleksiteten, ved at ein ikkje treng å ta omsyn til idrettshallen sine etasjenivå og funksjonar.

Skissa viser moglegheit for å etablere nokre korttids-parkeringsplassar, samt nokre parkeringsplassar knytt til skulen i underetasjen. Antal parkeringsplassar må undersøkast vidare i seinare fase.

